

# Vil krysse isbrear før dei smeltar

Børge Ousland er polfarar og eventyrar. Han har bestemt seg for å gå over 20 isbrear før dei smeltar. Her blir han intervjuet av *Aftenposten Junior*.

Tekst: Terje Krogsrud Fjeld

Foto: Bjørn Aslaksen/NTB Scanpix

*Kvifor smeltar isbreane?*

– Fordi temperaturen i lufta og i havet stig.

*Har isen smelta mykje sidan den første ekspedisjonen din?*

– Ja! For ti år sidan var det masse snø og is på ein stad som heitte Patagonia. Då eg drog tilbake i fjor, hadde det smelta så mykje at eg ikkje kjende meg igjen.

*Kva er målet med isbre-turane?*

– Å lære folk om klimaendringane og inspirere folk til å ta vare på naturen. Vi får sjå klimaendringane på nært hald og kan lære bort til andre.

*På kva måte vil oppvarminga påverke menneska og dyra på jorda?*

– Havet vil stige, og det vil lage problem for dei som bur ved havet. Isen vil smelte, og mange dyr er avhengige av isen for å leve.

*Kan barn gjere noko for miljøet?*

– Ja. De kan lære om miljøvern og påverke vaksne til å tenkje på miljøet.



## Oppgåver:

Sjå Elevbok 6A sidene 144–145.

Gjer oppgåvene 1–8.